



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/15	Formannskapet	15.10.2015

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
15/273 - 15/7378	K1 - 026, K2 - K46, K2 - L14, K3 - &13	Magnhild Aspevik 57641223	02.10.2015

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde - utlegging til offentlig ettersyn

Kort samandrag

Kommunane Vik, Aurland, Høyanger, Modalen, Vaksdal og Voss har i fellesskap utarbeida eit framlegg til ein *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde*. Planområdet omfattar og areal i Masfjorden kommune.

Formålet med planarbeidet er å sikra villreinstamma gode levevilkår i eit langsiktig perspektiv. Planframlegget er no klart til offentlig ettersyn. Alle kommunane må gjera eit likelydande vedtak, før den vert gjeldande.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av *Plan og bygningslova §§ 9-1, 9-3 og 11-14*, vert framlegg, datert 7.9.2015, til *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart* (datert 7.9.2015) lagt ut til offentlig ettersyn.

15.10.2015 Formannskapet

FS-063/15 Vedtak:

I medhald av *Plan og bygningslova §§ 9-1, 9-3 og 11-14*, vert framlegg, datert 7.9.2015, til *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart*(datert 7.9.2015) lagt ut til offentlig ettersyn.

Samrøystes.

Vedlegg:

Framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Plankart - Fjellheimen villreinområde

Temakart - Fjellheimen villreinområde

Referat frå møte i Styringsgruppa Kommunedelplan Fjellheimen 09.06.2015

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova

Naturmangfaldlova

Saksopplysningar

Villreinen er rekna som ein norsk ansvarsart då ein stor del av den europeiske villreinstamma lever i Noreg. Sikring av leveområda til villreinen er derfor viktig for å kunne ta vare på denne arten i framtida. Aurland kommune har gjort vedtak om deltaking i utarbeiding av ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Det er gjort tilsvarende vedtak i Vik, Voss, Høyanger, Modalen og Vaksdal kommunar.

Fjellheimen villreinområde har eit teljande areal på ca. 1536 km². Vesentlege deler av villreinområdet er verna etter naturvernlova som landskapsvernområde. Stølsheimen landskapsvernområde (367 km²) vart oppretta i 1990, og Nærøyfjorden landskapsvernområde (576 km²) vart oppretta i 2002. Resten av arealet er i hovudsak avsett som landbruks-, natur- og friområde i dei ulike kommuneplanane. Unntak er reguleringsplan for Voss Fjellandsby i Myrkdalen og nokre område for hytteutbygging i Vik kommune.

Planprosess

I samband med oppstart av planarbeidet vart det oppretta ei styringsgruppe med politiske representantar frå dei 6 kommunane med areal innan villreinområdet. Dei respektive fylkesmennene, villreinnemnda og villreinutvalet har hatt møte og talerett i styringsgruppa.

Det vart vidare oppretta ei arbeidsgruppe som har hatt slik samansetning ; 1 repr. frå Voss, Vik og Aurland kommunar, 1 repr. frå villreinnemnda og 1 repr. frå villreinutvalet. Dei respektive fylkeskommunane og andre faginstansar har vore konsultert etter behov.

Ved oppstart av planarbeidet vart det utarbeida eit planprogram som vart vedteke av dei einskilde kommunane i 2008. Ved planoppstart vart det arrangert eit ope informasjonsmøte om villrein og det interkommunale planarbeidet. I 2009 vart det utarbeida eit planframlegg som vart sendt på høyring i dei respektive kommunane. Planarbeidet stansa opp då Vik kommune i samband med høyringa ville vurdere ny arealbruk på Vikafjellet. Vik kommune fekk i denne samanheng utarbeida ein rapport (NINA Rapport 920-2013) som vurderte konsekvensane av ulike utbyggingstiltak på Vikafjellet. På grunnlag av denne rapporten har Vik kommune i 2014 rullert og vedteke arealdelen i sin kommuneplan. Arbeidet med den interkommunale kommuneplanen

starta opp att i mars 2015. Styringsgruppa handsama eit oppdatert og justert planutkast på møte 9.6.2015, jf. vedlagt referat.

Styringsgruppa tilrår at framlegg til plan vert lagt ut til offentleg ettersyn i kommunane. Etter høyringa vil innkomne merknader bli gjennomgått med tanke på ev. ny justering av planframlegget. Det blir deretter teke sikte på at dei ein-skilde kommunane gjer eit likelydande planvedtak på slutten av 2015 eller i starten av 2016.

Arbeidet med å utarbeida kommunedelplanen er finansiert med tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har vore engasjert for å utarbeida eit fagleg grunnlag for kommunedelplanen (NINA Rapport 411-2008). Voss kommune har hatt sekretærfunksjonen for planarbeidet.

Planavgrensing og planframlegg

Planarbeidet tok utgangspunkt i teljande areal for villreinstamma slik den er omtala i bestandsplan for Fjellheimen villreinområde (areal over skoggrensa - her definert til kote 700 moh). Framlegget til villreinområde (vist som omsynsone) i kommunedelplanen avvik frå 700m-koten ved Voss Fjellandsby i Myrkdalen og ved alpinområdet Hanguren-Bavalen i Voss kommune, og på strekninga Bøeggi til Storehaug i Vik kommune. Omsynssona omfattar med nokre unntak alt areal over kote 700.

Økonomiske konsekvensar

Aurland kommune vert forplikta til å delta i arbeid med *Handlingsplanen*.

Vurdering

Kommunedelplanen skal vera den overordna planen for kommunane i forvaltninga av villreinstamma og skal vera styrande for den vidare arealplanlegginga i området.

I planprogrammet vart det lagt opp til at planen skulle ;

- Gje ein omtale av villreinstamma slik vi kjenner den i dag (status, utvikling, truslar m.m.)
- Synleggjere kva kunnskap som bør framskaffast for å kunne sikre ei god forvaltning
- Avgrensing av villreinområde/ influensområde. Kartfeste kjerneområde for villrein
- Gjennomgå eksisterande planar i området og vurdere ev. problemstillingar i høve villreinen.
- Vurdere kva verknader ev. klimaendringar vil kunne få for villreinen
- Utarbeide konkrete retningslinjer / føresegnar for den framtidige arealforvaltninga i området.

Det føreliggjande planframlegget saman med fagrapporten frå NINA har i hovudsak

svara på dei problemstillingane som vart lista opp i planprogrammet.

Det kom totalt 10 innspel til planarbeidet under oppstarten i 2009. Tre av innspela kom i samband med rullering av kommuneplanen i Vik. Eit innspel frå Mattilsynet er innarbeida i føresegene til planen ved at det ikkje skal gjevast løyve til innlegging av vatn på hytter og stølar i sikringssona for drikkevatt, jf. pkt 8.3 i føresegnene. Dette er begunna i behovet for ei hygienisk barriere knytt opp mot drikkevassforsyninga via Vik vassverk.

Rådmannen meiner framlegg til plan for *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde* tek opp aktuelle problemstillingar knytt til villreinen. Det har vore ein god og grundig prosess i samband med utarbeiding av planen. Planen vert eit godt grunnlag for forvaltning av villreinstamma i Fjellheimen.

I tråd med *Plan og bygningslova* vert det tilrådd at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn. Planen skal ligge minst 6 veker på høyring.